Kultur og Humaniora nytt

Nr. 26, 21. juni 2006

Eit meldingsark frå

Institutt for kultur- og humanistiske fag

Avdeling for allmennvitskaplege fag, Høgskolen i Telemark

http://www.hit.no/af/kh/

Ansv. red.: Kristian Hanto
Bladfyk: Øyvind T. Gulliksen

Stort internasjonalt seminar om norsk-amerikansk historie og litteratur

Frå i dag og fram til fredag held det norskamerikanske historielagets avdeling i Noreg (*NAHA-Norge*) sitt niende internasjonale seminar, denne gongen i samarbeid med Høgskolen i Telemark. Seminaret er lagt til Bø, og det er Institutt for kultur- og humanistiske fag ved Avdeling for allmennvitskaplege fag i Bø som står bak tilskipinga.



Desse seminara innan norskamerikanske studiar trekkjer til seg forskarar frå både USA, Canada og Noreg, tilliks med studentar og andre som er interesserte i norskamerikanske studiar. – For oss er dette ei kjempesatsing, seier professor og entusiastisk programansvarleg **Øyvind T. Gulliksen**.

Det tverrfaglige seminaret vil femne om over tretti føredrag om ulike sider ved norsk innvandring til USA. Det blir innlegg om kunst, litteratur, religion og historie. Både amerikanske og nordiske forskarar deltar.



Dei fleste innlegga er på engelsk, men det vil også bli grupper på norsk. Seminaret har tre hovudføredrag, alle på engelsk, og er det er ope for alle interesserte.


Den kjende forfattaren **Patricia Hampl** kjem frå Minnesota for å førelese om migrasjonslitteratur. Ho har gjeve ut mange prisløynte memoarbøker. Den mest kjente er *A Romantic Education* frå 1981.



Professor **Elliott Barkan** kjem frå California State University for å førelese om norske innvandrarar til den amerikanske vestkysten.



Professor **Orm Øverland**, forfattar av den store norskamerikanske litteraturhistoria *The Western Home* (1996) kjem frå Bergen.



Tidlegare biskop i Oslo, **Andreas Aarflot**, føreles om innvandrarane si kyrkjehistorie.

Den norske avdelinga av Norwegian-American Historical Association, NAHA-Norge, blei stifta i 1981, og har skipa til åtte seminar av dette slaget innan norskamerikanske studiar sidan 1984. Føremålet med seminara er å stimulere interessa for den norske utvandringa til Amerika og for norskamerikansk historie og kultur, vidare å fremje forsking på dette feltet. Dei siste åra har det vore lagt større vekt på tverrfaglege synsmåtar, og det faktum at forsking på norskamerikansk historie, kultur og etnisitet burde bli sett i høve til erfaringane til andre etniske grupper.

Under seminaret denne gongen blir det gjeve ein konsert i Bø Gamle Kyrkje, med utvandrarmusikk som tema. Det er Høgskolen sine eigne felespelarar som konserterer, fyrstelektor i musikkformidling **Anne Svånaug Haugan** og professor i tradisjonskunst **Vidar Lande**. Konserten er open for alle.

Hauganspel

Den same **Anne Svånaug Haugan** er snart i mål med eit prosjekt ho har hatt innspurten på i vår. Det er ei cd-utgjeving med slåttar etter den gamle meisterspelemannen og tradisjonsberaren frå Tinn, **Gunnar Dahle** (1902-1988). Haugan har m.a. spela inn nokre runddansslåttar av Dahle som ikkje er gjevne ut før, og utgjevinga inneheld elles slåttar på mange lite bruka felestille.



Hardingfeletradisjonen i telemarksbygda Tinn er rik både når det gjeld slåttetilfang og ulike felestille. Dei fleste slåttane er på vanleg felestille, men i tillegg til dette kan Haugan gjere greie for at det i alle fall har vore seks andre stille i bruk. Særleg er det mange særprega slåttar på det felestillet som blir kalla *nedstilt bass*, kan ho opplyse. Desse slåttane stammar for ein stor del frå Håvard Gibøen, den viktigaste læremeisteren til Knut Dale (1834-1921), godfar av Johannes og Gunnar, og frå Hans Fykerud.



Det er vel kjent at broren Johannes gjorde mange slåttar som er gått inn i det klassiske hardingfelerepertoaret, men at Gunnar også laga mange slåttar, er mindre kjent. Han har laga nokre runddansslåttar som er både originale og heilstøypte. Desse blir no for fyrste gong gjevne ut av Haugan.

Med cd-en følgjer eit teksthefte som set mannen og kunsten hans inn i ein tradisjonshistorisk samanheng.

Professor Høystad til Odense

Professor **Ole Martin Høystad** ved masteren i kulturstudiar har fått permisjon for å gå inn i ei stilling ved Institut for litteratur, kultur og media, faggruppe kulturstudier, ved Syddansk Universitet i Odense. Der får han eit særleg ansvar for grunndisiplinane kulturteori og historisk kulturanalyse i det 2-årige påbyggingsstudiet, dvs. kandidatutdanninga. Dette svarar til vår mastergradsutdanning.



Anna blir pensjonist.

At instituttet vårt er inne i ei overgangstid, merkar vi på mange måtar. Ein er at mange av oss nærmar seg, og er i ferd med å passere aldersgrensa for eit normalt yrkesliv. I desse dagar byrjar **Anna Tranberg** å rydde kontoret for å krysse denne grensa. Dermed stig ein dyktig forskar og pedagog og ein triveleg kollega ut av det daglege miljøet vårt.



Anna har ei særdeles fargerik fortid som er vel verd å nemne: Ho er fødd på Jylland og utdanna som lærar ved lærarskolen i Ribe, Danmarks eldste by. Men før ho gjekk inn i læraryrket reiste ho ut i verda, dvs på haiketurar til Sverige, Finland og Norge, noko som slett ikkje var vanleg på denne tida. Til Norge kom ho første gong i 1961 og reiste då landet på langs. Ei tid arbeidde ho som koldjomfru ved Ernst Hotell i Hammerfest . Og det vart fleire turar til Norge. Det avgjerande skjedde i 1964 då ho traff Hans og gifta seg til garden på Herbjørnsrud. No byrja eit vekselbruk mellom gardsdrift og jobb - og etter kvart studiar ved Universitetet i Oslo. Ho dyrka dill, raudbetar og persillerøter m.m. som ho selde på torget, og jobba som lærar både i folkeskole, realskole, gymnas og folkehøgskole, og underviste m.a. i handarbeid, gymnastikk ved sida av meir teoretiske fag. At historie var faget ho valde då ho byrja å utdanne seg vidare på Blindern, var slett ikkje tilfeldig. Ho hadde historie som "spesiale" i tida ved lærarskolen. Det var sjølvsagt heller ikkje tilfeldig at ho valde "dansketida" som hovudperiode. Som "dansk-norsk" (eller rettare "norsk-dansk" – i Norge brukar vi alltid å setje "norsk" først i slike samanhengar!) har ho nok særskilde føresetnader for å gå inn i denne perioden. Vi har notert at ho tilhøyrer dei som modifiserer "undertrykkingsteorien" om unionstida – og med mange gode grunnar. I alle fall var danske bønder langt sterkare undertrykte enn dei norske.

Som historikar har Anna ein solid bakgrunn. Ho har vore hjelpelærar og vit.ass. både ved Universitet i Oslo, Universitetet i Bergen og Norsk lokalhistorisk institutt, og ho har arbeidd som arkivar både ved Riksarkivet og ved Statsarkivet i Oslo. Til høgskolen vår kom ho som timelærar alt i 1981, og var her fleire gongar før ho vart fast tilsett i 1992. Ho har publisert ei rekkje vitskaplege arbeid. Fremst står bindet ho skreiv om Ringsaker, kjent som ei av dei beste bygdebøkene som har vore skrivne her i landet.

Vi unner Anna å "nyte sitt otium". Men kjenner vi henne rett, blir det neppe eit liv i lediggang. Vi veit at ho både har foredrag og artiklar på timeplanen sin framover. Vi ser henne gjerne på visittar her på huset. Eit tips til velferdskomiteen: Anna er veldig glad i å danse.

Olav Rovde.

Spansk ved to studiestader til hausten

Frå hausten 2006 tilbyr Høgskolen i Telemark grunnleggande spanskopplæring. Studietilbodet er eit svar på etterspurnaden etter lærarar som kan undervise i spansk, særleg i grunnskulen og vidaregåande skular.

– Det er ei aukande interesse for spansk i norsk skole. Det gjeld først og fremst vidaregåande skule, men også i grunnskulen blir det meir og meir vanleg å ønskje undervisning i spansk, fortel instituttkonsulent Birgit Norendal.



Frå studiestart 2006 tilbyr høgskolen eit innføringskurs i spansk på 15 studiepoeng, og våren 2007 kan dette byggast ut med eit vidaregåande kurs på nye 15 studiepoeng. Utanom språkinnlæringa vil historie, litteratur- og kulturkunnskap i den spansktalande verda vil vere ein del av pensum.

Desse nye studieemna vil bli tilbydd både i Bø og Porsgrunn, og frå studieåret 2007-2008 er det planen at dette skal utvidast til 60 studiepoeng, eller eit heilårsstudium, tilsvarande det gamle grunnfaget.

Bachelorstudentar i litteratur og språk kan dermed velje mellom meir enn norsk og engelsk fordjuping når også spansk no inngår i studietilbodet ved HiT.

Studiet i kuratorarbeid – utstilling og formidling:

Nasjonalmuseet med i samarbeidet

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design har no slutta seg til samarbeidet om kuratorutdanninga. Frå før har Høgskolen hatt eit svært fruktbart samarbeid med paraplyorganisasjonen Norske Kunstforeninger, og med den nye samarbeidsavtala er det tre solide institusjonar som garanterer for kvaliteten i dette einestående studietilbodet her til lands.



Entusiasmen til kunstsosiologen Dag Solhjell er mykje av forklaringa på suksessen til kuratorstudiet.

I år var det gledeleg mange høgt kvalifiserte søkjarar, men berre i underkant av 30 vil få plass på studiet, som i tillegg til generell studiekompetanse stiller ein del krav til kunsthistoriske førehandskunnskapar og kunstinstitusjonell tilknyting.

I tillegg til vår hovudansvarlege, fyrsteamanuensis **Dag Solhjell**, vil fyrstelektor i kunstformidling ved kulturstudiet **Bente Støa** og kunsthistorikar **Torild Gjesvik** gå inn i den faglege styringsgruppa for studiet.

Torun Berntsen 60!



Pionéren på Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar, amanuensis **Torun Berntsen**, runda 60 år i pinsa.

Berntsen har heilt frå me byrja å ta imot utanlandske studentar til norskopplæring i Bø vore sjølve mor godhjarta for bortkomne og fortumla framandkulturelle i den barske Bø-bygda. No arbeider ho m.a. med Socrates Lingua 2-prosjektet Lolipop.